

KVITeseid



SOKNERÅD

ÅRSMELDING 2018



ÅRSMELDING 2018

1. ALLMENT

Kyrkja har framleis ein viktig plass hjå det norske folk. I Kviteseid vert kanskje over gjennomsnitt mange born døypt i forhold til fødde, og ein stor kontingent vel kyrkjeleg konfirmasjon.

Gudstenestene er om lag like godt besøkt som tidlegare år. Trusopplæringa gjeng greitt med tilsette og mange frivillige. Mange legg òg ned ein stort friviljug innsats i kyrkjelydsutval og i diakonalt arbeid.

Talet på gravferdshandlingar vart nesten halvert i 2018. Dei aller fleste i Kviteseid vel kyrkjeleg seremoni.

Økonomisk vert kyrkja hovudsakeleg finansiert av staten gjennom rammetilskotet til kommunen. Kommunen er lovpålagt å løyve pengar til delar av drifta. Andre vesentlege tilskot er frå staten via bispedømerådet til trusopplæring. Lokalt vert det gjeve mykje offer til eige arbeid og til eksterne føremål. Fleire har i 2018 starta med faste gåver til kyrkja sitt arbeid i soknet.

2. MÅLSETJING OG ANSVAR

Soknerådet har etter kyrkjelova mellom anna ansvar for:

Etter §9 «skal (soknerådet) ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet»

- kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni m.m.
- innsamling av midlar til eigen verksemd
- førebu og gjennomføre menighetsmøte etter §10

Etter §14:

- *Drift og vedlikehald av kyrkjer og gravplassar (kyrkjegarder).*
 - Kviteseid har i alt 6 kyrkjer og 7 gravplassar (kyrkjegarder): Kviteseid kyrkje og kyrkjegard, Kviteseid gamle kyrkje og kyrkjegard, Brunkeberg kyrkje og kyrkjegard, Vrådal kyrkje og kyrkjegard, Roholdt kyrkjegard (historisk), Fjågesund kyrkje og kyrkjegard og Kilen kapell og kyrkjegard.
- *Stillingar / personell.*
 - Kviteseid sokn har 6 tilsette i til saman 386,77 % stilling, fordelt på to kvinner og 4 menn. Soknerådet vurderer arbeidsmiljøet i verksemda som godt.
 - Soknepresten er tilsett og løna av bispedømmerådet, men er ein naturleg del av staben.
- *Administrative og økonomiske oppgåver i soknet:*
 - Soknerådet utarbeider mål og planar for den kyrkjelege verksemda, forvaltar inntekter og formue etter lov og vedtak, og tek vare på soknet sine interesser. Dei praktiske oppgåvene som fylgjer av soknerådet sitt tilsynsansvar, vert utførte av dei kyrkjeleg tilsette. Kyrkjeverja er dagleg leiar for verksemda og er sakshandsamar for soknerådet.

3. SOKNERÅDET SINE MEDLEMER

Det var kyrkjeval i 2015. Då vart desse medlemar og vara medlemar valde, og har sete i rådet i 2016, 2017 og i 2018. Leiar og nestleiar har endra seg. I 2018 var det slik:

Håkon Birkeland, leiar	Magnhild Vaagen Kvalbein, nestleiar
Inger Lise Berge	Hans Kristian Aabø Hanne Julie Roholdt
Vidar Syrtveit Mikalsen	Marit Gotuholt Gunn Karin Eikåsen

Vararepresentantar: 1. Reidun Øvrebø Fisketjønn 2. Astrid Grave Aase 3. Jan Rune Bjørnson 4. Sveinung Råmunddal

Kommunerepresentant: Tore Åsland med vara Bjørn Nordskog.

Sokneprest: Møyfrid Lunde.

4. SAKER I SOKNERÅDET

Soknerådet har i 2018 handsama 84 saker fordelt på 8 møter.

I tillegg har arbeidsutvalet (AU) hatt 1 møte.

Her fylgjer stikkord frå sakene for kvart møte i 2018:

10. januar: Møtet vart forholdsvis fort avslutta i mangel på kandidatar til leiarposisjonane.

23. januar: Håkon Birkeland vart vald til leiar, og Magnhild Kvalbein til nestleiar. Lønsending for organisten. Gjennomgang av forsikringane. Vedtak om budsjett for drift og investeringar i 2019. Soknepresten om gudstenester, konfirmantar og anna frå kyrkjeleg arbeid.

28.februar: Godkjenning av rekneskap 2017, årsmelding og rutinar for varslingssaker. Roholt gamle kyrkegard oppretthaldast av kyrkja med vedlikehald av frivilljuge. Vår-dugnad på kyrkegardane. Konfirmantfest, kveldsmesser i gamlekyrkja og diakoniutval for heile soknet.

Årsmøtet vart avhalde i Kviteseid 4. mars

25. april: Revisjonsberetning. Prosjekt for auka gåveinntekt. Opne kyrkjer, og meir om Vrådal gamle kyrkjestad. Soknerådet vitja Vrådal gamle Kyrkjestad



Frå soknerådet si vitjing av Vrådal gamle kyrkjestad på Roholdt i april, og frå ope møte om staden i juni.

AU 31.mai: Sekretærstillinga fast. Investeringsplan 2019-23

13. juni: Vedtak i AU-sakene over. Gåveprosjektet. Plassering av ikona i Vrådal.

22. august: Forslag til driftsbudsjett 2019. Overføring av kyrkjelege eigedomar frå kommunen og private. Fornyng av liturgi til familiegudstenestene.

3. oktober: Plan for gudstenestene 2019. Bruk og avslutning av Gunhild Omtveits legat. Kyrkjelydsbasaren 2018. Datoar for sokneråd 2019

21. november: Kyrkjeofringane 2019, Kyrkjevalet 2019. Investeringsprosjekta for 2019. Fellesmøtene

I tillegg var det på dei fleste møta mykje informasjon og meldingar og. Alle referata frå soknerådet blir lagt ut på nettsida www.kviteseid.sokn.no om lag ei veke etter utsending av referatet. På nettsida ligg nå alle referata frå 2016, 2017 og 2018, inkludert referat frå årsmøte.

5. TILSETTE

Soknerådet hadde ved utgangen av 2018 ansvar for 3,87 årsverk fordelt på 6 tilsette.

- **Kristen Salmelid:** Kyrkjeverje i 80 % stilling, mellombels utvida til 100 % i sekretær si permisjonstid. Fast 100 % frå 1.8.18.
- **Dagfinn Køhn:** 100 % stilling som organist.

- **Jan Gunnar Haugen:** 100 % stilling som fagarbeidar (kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar).
- **Håkon Heggtveit:** 50 % stilling som fagarbeidar (kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar)..
- **Ellen Katrine Køhn:** klokkar i Kviteseid kyrkje i 6,77 % stilling.
- **Svanhild Fidjeland:** I permisjon. Sa opp si stilling frå sommaren.
- **Birgitte Nødland Danielsen:** 15 % som trusopplærar, og 15 % sekretær (fast frå aug.-18).

Ein tilsett var sjukemeldt heile hausten. Ungdom arbeida i staden. Og ei tilsett var sjukemeld frå medio oktober og gjekk ut i svangerskapspermisjon frå jul. Prest og kyrkjeverje tek oppgåvene til vikar tilsetjast.

I tillegg har vi stillingar delt med andre sokn:



1. Prostidiakon Eilev Erikstein som er delt på sokna i gamle Vest-Telemark prosti u/ Seljord: Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke, Vinje, der bispedømmerrådet opphaveleg løna 50 %. Vår del nå ligg på om lag kr 107.000.
2. To deltidstillingar i konfirmantarbeidet Ønsket og Elsket delt på dei fleste i Øvre Telemark prosti. Vår del var i 2018 kr 19.000.

6. STATISTIKK

	2018	2017	2016	2015	2014	2013
Gudstenester /møter	62	62	71	82	82	93
<i>Kviteseid</i>	24+9	24+9	34	44	37	
<i>Brunkeberg</i>	10	10	14	14	19	
<i>Vrådal</i>	12	11	13	14	23	
<i>Fjågesund og Kilen</i>	7	8	10	10	14	
Dåp	17	22	16	16	13	17
Konfirmasjon	18	24	20	28	26	16
Vigsler	5	4	3	6	3	4
Gravferder	21	37	36	36	28	33
Innmelde	3	2	1	1	1	
Utmelde	4	10	16	4	7	
Medlemmar totalt deriblant tilhørande	1842 46	1840 47	1845 45	1918		
% medl. i Dnk	76,6 %	76,6 %	77,4 %	77,7 %		
Av innb. i kommunen	2403	2397	2448	2466	2468	2507
Andakt i institusjon	9	9	15 (anslag)			
Kulturarrangement	6	5	3	6	7	5
Registrerte frivillige	71**	120	90			
Deltakarar – ant. arr. (Gudst., andaktar, konsertar)	4861 - 67	5240 - 72	6872 – 92 (92 =anslag)	4063-43 (Kviteseid)	3788-44 (Kviteseid)	2788-39 (Kviteseid)

	2018	2017	2016	2015	2014	2013
Kyrkjeofringar (x 1000)	246	185	214	222	299	444 (inkl. gåve frå banken til flygelet)
<i>Til kyrkjelydsarbeidet</i>	49	51	44			
<i>Misjonsprosjektet</i>	46	24	30			
<i>Andre eksterne</i>	151	110	140			
Andre innsamlingar	93	94	96	107 (ca.)	108	238
<i>Jolebasaren</i>	52	48	55	ca. 55	ca. 55	
<i>til trusoppl.+misjonsprosj.</i>	32+20	33+15	40+15	ca. 40+15	ca. 40+15	
<i>Fasteaksjonen ***</i>	41	46	41	52	53	38
Andre gåver	75	52	21	50	22	
<i>kyrkjebladet</i>	54	52	21	50	22	
<i>faste gåver til eige arbeid</i>	21*					

* Vil auke godt i 2019 då fleire startar. Det er inngått avtalar om 45.000/år (pr. januar 2019)

** Talet kjem an på definisjonar. No har vi freista å lage ein definisjon vi vonleg hugsar til 2019

*** Samla til Kirkens Nødhjelp frå 2000-2018: kr 822.595 i Fasteaksjon, juleofring, katastrofegåve mm. Inkl. Vipps.

7. VEDLIKEHALSARBEID OG PROSJEKTER PÅ/ I BYGG OG ANLEGG

- Investeringsprosjekt 2017 som vart ferdig først i 2018:
 - Verneglas utanpå blyglasvindauga i Kviteseid.
 - To av blyglasvindauga i Kviteseid vart renoverert og fekk nytt bly
 - Brannvarslingsanlegg i Kviteseid kyrkje
- Maling av gjerder rundt kyrkjegardar i Vrådal vart gjort ferdig. To nye pipehattar vart monterte.
- Fjågesund kyrkje fekk led-ljoskastarar til erstatning for konvensjonelle ljuskastarar.
- Knuste små blyglass vart bytta i Fjågesund og i Kviteseid.
- Kilen fekk reparert vassleidning og fekk igjen vatn på kyrkjegarden etter fleire år utan.
- Kyrkjeskjip i Kilen vart hengt opp i kyrkjerommet.
- Eldste del av Kviteseid kyrkjegard vart jamna godt ut med mykje jord og maskinarbeid tidleg på hausten.
- Utviding og forbetring av pauserom og kontor for fagarbeidarane under bårehuset i Kviteseid vart sett i gang. Ny stor dør av jern vart sett inn direkte til reiskapsrommet.
- Investeringsprosjekta for 2018:
 - Automatisk ringeanlegg i Kviteseid kyrkje vart forsinka grunna manglande råd frå Riksantikvaren til Biskopen. Det er i januar 2019 kome, og det er gitt klarsignal til installering.
 - Nytt flistak på Brunkeberg kyrkjetårn, 3 av 4 sider. Prosjektet starta seint og vart ikkje ferdig. Fortsett i 2019 med midlane overført.
 - Nytt flistak på apsisen på Kviteseid gamle kyrkje vart så vidt starta i 2018. Vanskeleg å finna virke. No produserast takflis for fullt med øks og for hand på den opphavlege måten frå malmen furu. Det vert dyrare enn berekna.





Litt av prosessen med produksjon av takflis på gamlemåten.



Nytt inventar, utstyr og anna

- Lydutstyr i Kviteseid kyrkje er samla bakarst i kyrkja på ny pult. Mellom anna gamal forsterkar og anlegg for teleslynge er skifta ut.
- 50 klappstolar på tralle vart kjøpt inn til Kviteseid kyrkje
- Leasingperioden på 3 år for 'kyrkjebilen' gjekk ut. Ny avtale for ny bil er teikna for 5 år.
- Nytt kjøleaggregat på bårehus i Kviteseid (årsskiftet 2017-18)
- Kløyvemaskin til prosjekt (er tenkt seld etter avslutta prosjekt)
- Nye brannslangar i Vrådal og Brunkeberg
- 30 nye særkalkar til Kviteseid kyrkje (tatt i bruk i 2017, betalt i 2018)
- 15 nye songbøker 'Syng med' til supplement til føremiddagstreff

Dugnad på kyrkjegardane:

Det vart som vanleg utført annonsert oppryddingsarbeid på dugnad på kyrkjegardane i mai. Takk til alle som deltok.

Stor dugnad var arrangert av kyrkjelydsutvalet i Vrådal på Roholt gamle kyrkjestad, med bl.a. felling av mange store og gamle bjørke-trær.



8. ØKONOMI

Hovudinntekta til soknerådet er tilskot frå kommunen. Til trusopplæring kjem tilskot direkte frå staten. Anna inntekt er hovudsakeleg festeavgift, kollektar, trekk frå gravlegata, jolemesse, gåver til kyrkjebladet og nå faste gåver, momsrefusjon og sjukelønsrefusjon.

Rammeoverføringa frå kommunen til drift var i 2018 på kr. 3.165.000, som var ei auke på 3,15 % frå 2017. I tillegg kjem tenesteytingsavtala på kr 148.000 til samla kr. 3.313.000.

- 2017: kr 3.216.000 (+2,8 %) 2016: kr 3.129.000 (+4,6 %) 2015: kr 2 989 000

Driftsrekneskapet hadde i 2018 eit mindreforbruk (overskot) på kr 105.135 (kr 114.619 i underskot i 2017 vart dekt inn av større overskot i 2016). Samla driftsinntekter var på 4,7 mill. kr. og driftsutgifter på 4,6 mill. kr. Mindreforbruket frå 2018 er lagt til disposisjonsfondet.


Investeringar (sjå oversikt i pkt. 7) vart økonomisk dekkja av tilskot på kr 680.000 frå kommunen. I tillegg skulle kr 40.000 tas frå soknet sitt eige disposisjonsfond og 170.000 dekkjast av momsrefusjon. Ingenting vart likevel teken frå disposisjonsfondet så lenge der var pengar på investeringsfondet. Heile tilskotet frå kommunen vart overført til soknet (investeringsfond) ved årsskiftet for ferdigstilling av prosjekta i 2019. Ingen av dei vart fullførde. Restmidlar frå 2017 vart på tilsvarende måte overført

til 2018 for uferdige prosjekt. Frå tidlegare år ligg ubrukte kr. 223.000 i bunde investeringsfond, og frå 2018 til 2019 vert det overført kr 329.000.

Balansen syner at sum egedelar har auka med kr 673.000 til kr 9,14 mill. Det balanserar med eigenkapital og gjeld. Soknerådet godkjente årsrekneskapet på sitt møte 27.02.2019. Det er ført av kommunekassen og vert revidert av Telemark kommunerevisjon IKS.

Vi viser elles til den fullstendige rekneskapen for soknerådet for 2018 →

Felleskyrkjeleg foreining i Kviteseid vart etablert for å halde økonomien til fellesmøter og Godhetsveka åtskilt frå Kviteseid sokn sitt org.nr., slik revisor har påpeika.



9. SOKNERÅDET SITT ARBEID

9.1. Trusopplæringa «Størst av alt»

- Birgitte Nødland Danielsen har hatt 15 % stilling som trusopplærer. I stillinga inngår administrasjon, planlegging og gjennomføring av tidsavgrensa bredde-tiltak, oppfølging og besøk i grupper og deltaking i konfirmantarbeid.
- Trusopplæringsutvalet: Vidar Syrtveit Mikalsen (leiar), Birgitte Nødland Danielsen (sekretær vår), Sigrunn Egeland Bakken og Anne Marthe Lindheim (sekretær haust). Utvalet har hatt seks møter dette året. Av større saker har vi jobba med fest for alle frivillige i barne- og ungdomsarbeidet som er knytta til kyrkja si trusopplæringsplan, leiarsituasjonen i dei kontinuerlege gruppene og årshjul for tiltaka i trusopplæringa.

- Medlemmer, tilhøyrande og døypte:

Vi får trusopplæringsmidler ut frå 283 barn mellom 0-17 år som er medlemmer (medrekna tilhøyrande 0-åringar).

Dåp: 17. Med 12 born i 0-år-gruppa vert dette ein dåpsprosent på 142 %. Men fleire budde ikkje i kommunen, og fire var over eitt år.

Dåpssamtalar: 16 her i soknet. Dåpssamtalen skal vanlegvis skje i heimesoknet.

- Tidsavgrensa bredde-tiltak:

- Utdeling av dåpsgåver. Brunkeberg 11. mars – eitt år etter dåp – 7 av 12 (58 %)
- Utdeling av dåpsgåver. Brunkeberg 11. mars – to år etter dåp – 1 av 14 (7 %)
- Utdeling av dåpsgåver. Brunkeberg 11. mars – tre år etter dåp – 4 av 11 (36 %)
- Utdeling av 4-årsbok med samling før gudstenesta. Vrådal kyrkje 9. september – 5 av 10 (50 %)
- Utdeling av adventskalender til 5-åringar med samling før gudstenesta. Brunkeberg kyrkje 11. november. – 6 av 13 (46 %)
- Lys vaken for 10-11-åringar med overnatting i kyrkja. Dette tiltaket arrangerer vi annakvart år. Neste gong i 2019.

- Kontinuerlege grupper:

- Småbarnstreff med sangstund på Misjonshuset annakvar torsdag. 0-3 år. Ansvarleg: Ellen Eggebø Jore.
- Sundagsskule. 6 samlingar i 2018 i Bornas kapell under gudstenestene.
 - 2-10 år. Ansvarleg: Birgitte Nødland Danielsen.
- Barnegospel. Øver annakvar torsdag på Misjonshuset. 5-8 år. Ansvarleg: Åsbjørg Hægeland. Song på gudstenester og andre møter.
- Unge røyser. Øver om lag kvar måndag på Misjonshuset. 9-12 år. Ansvarleg: Elise Foldøy. Song på gudstenester og andre møter.

- 3 idrettsgrupper på Kvitsund Gymnas. Tysdagar og torsdagar annan kvar veke. 6-9 år, 10-12 år og 13-15 år. Ansvarlege: Ellen Eggebø Jore og Ellen Rannestad.
- Yngres i Vrådal. Annankvar tysdag på bedehuset. 10-15 år. Ansvarleg: Astrid Breivik
- Kviteseid Soul Children. Øver annankvar tysdag i Kviteseidhallen. 12-15 år. Ansvarleg: Olav Holm.
- Skulelagsmiddag. Ein tysdag i mnd. etter skuletid på skulekjøkkenet på ungdomsskulen. 12-16 år. Ansvarleg: Astrid Tveten og Cecilie Austjore-Hosum
- Konfirmant-arbeid:
 - 20 konfirmantar følgde undervisninga i vår (91%). Vi hadde lokale undervisningssamlingar torsdagar etter skulen, deltok i fasteaksjonen, konf.treff i Seljord og gjekk pilegrimstur frå Brunkeberg til Kviteseid. Dei har delteke som ministrantar på gudstenester og 18 av konfirmantane vart konfirmert i kyrkja, og ein på Fredheim i 2018.
 - 22 potensielle konfirmantar deltok på konf-kick-off. i Seljord
 - I sommar var 23 frå kyrkja og 3 frå Tentro saman på sommarleiar på Gjennestad. 22 konfirmantar har fylgt undervisninga vår i haust og delteke som ministrantar på gudstenester.
- Ønsket og elsket:

To fjorårskonfirmantar har delteke i leiarprogrammet til ønsket og elsket som første års leiarar.

9.2. Misjonsprosjekt:

Kyrkjelyden har fortsatt 'Samfunnsutvikling i Nepal' via Normisjon, som sitt misjonsprosjekt. Der støttar vi Liv Wendel sitt arbeid blant kinner og born i Bajhang-provinsen. Avtala lyder på kr 35.000 pr. år. Det vart i 2018 samla inn og sendt kr 45.500 til dette, inkludert kr 20.000 frå jolebasaren.

9.3. Diakoni:

Melding frå diakoniutvalet v/ Kirsti Skjæveland:

Diakoniutvalet består av Gunhild Dobbe, Kirsti Skjæveland, Åsa Wendel, Hege Jønholt og Tjodvor Syftestad. Det var 4 møte; 25.januar, 11 april, 12, september og 10. oktober.

Besøkstenesta og Diakoniutvalet hadde møte 12. september. Eilev Erikstein og Møyfrid Lunde var med. Hanne Roholt og Marit Sørby frå Vrådal og Reidun Torsdalen og Reidun Fisktjønn ville alle vera med i eit felles Diakoniutval.

Aktivitetar og tiltak i 2018:

- Diakoniens dag i Kviteseid: Servering av kaffi og kake etter messa.
- Konfirmantane: Servera mat og drikke før undervisningstimane. Arbeidsgruppa; Martha Bakken, Åsa Wendel, Ellen K. Køhn, Tjodvor Syftestad og Kirsti Skjæveland.
- Fest for bebuarane på Lundenjordet. Vårfest 3. mai på Misjonshuset. Førjolsfest 19. desember på Misjonshuset. Andakt ved Eilev Erikstein, Møyfrid Lunde var med. Song og musikk ved Kjell Lindheim og Hans J. Nordaberg. Øyvind Jørgensen var med i musikkgruppa 19. desember. Det var servering av smørbrød, kaffi og kake.
- Besøk på Midtsundtoppen annankvar mnd. Saman med sokneprest og organist. Diakoniutvalet steller til føremiddagsmat. Dato; 12. februar, 18. april, 27. juni, 10. oktober og 12. desember.
- Besøk med blomehelsing til jubilarar: kvart 5. år frå 80 år.
- Føremiddagstreff har halde fram som før. 7 treff på Misjonshuset; 24. januar, 28. februar, 21. mars, 25. april, 26. september, 24. oktober, og 5. desember. Andaktane var ved Møyfrid Lunde, Eilev Erikstein og Hadle Hovda. Musikk ved Dagfinn Køhn. Eit besøk av Gro A. Bakken, som spela og song. Matøkt og utlodning. Det var mellom 31 og 53 på treffa. Arbeidsgruppa var; Sigrid Borgenvik, Martha Bakken, Marie Kråkenes, Ellen K. Køhn, Gunhild Dobbe, Åsa Wendel, Elin Salmelid og Kirsti Skjæveland. Tilbod om skyss; Magne Skjæveland.

Midtsommartreffet var 27. juni på Bygdetunet. Matøkt, song og musikk ved Herdis og Øyvind Jørgensen. Det kom 36.

- Helgemesse. Før helgemesse sender Diakoniutvalet ut invitasjon til messe og kyrkjekaffi til dei som har mista nokon det siste året. Alle var velkomne til Misjonshuset der det vart servera smørbrød, kaffi og kaker. Det var flott song av Jan Haugen. Eilev Erikstein og Møyfrid Lunde var med.
- Kyrkjeskys. Det har vore nokon kontaktar.
- Leva vidare gruppe for Kviteseid og Seljord. Den var i Brunkeberg med Eilev Erikstein, Møyfrid Lunde og Olaug Røise.

Med helsing
For Diakoniutvalet
Kirsti Skjæveland

Godhetsveka 2018 vart gjennomført 3.-10. mai i samarbeid med dei andre forsamlingane i Kviteseid. Den vart avslutta med ei godhets-gudsteneste på Fredheim den 10. mai. Inkludert styringsgruppa var 80 personar involvert (auke på 20) og 35 arbeidsoppdrag vart utført. Det var mykje hagearbeid, noko husvask og litt reparasjonar og vedlikehaldsarbeid. 300 dugnadstimar vart lagt ned. Det er flott å kunne vera saman på tvers av kyrkjelydane og forsamlingane. Tilbakemeldingane var eintydig positive. Det var fint å ha med Kvitsundelevar på oppdraga og koret på fellesgudstenesta der 120 personar deltok.

Prostidiakonen. I årsrapporten sin viser prostidiakon Eilev Erikstein til mykje godt arbeid nedlagt i 2018. Mange av tiltaka er tilbod som er gjevne på tvers av kommune/sokne-grenser. Vi nemner spesielt prosjektet «Å vandre med håp» i samarbeid med KVITO og DPS. I Kviteseid har han mellom anna delteke på Diakonidag og høgmesse, undervist om diakoni, hatt andakter, taler og delteke med anna i fleire forsamlingar, lag/foreiningar. (Kyrkja, Betel, Misjonshuset, Kvitsund, Lundenjordet, KOS og Krodokk) Han har forretta i ei gravferd, og hatt i om lag 60 samtalar og husbesøk (ein liten nedgang). Fleire av vitjingane i Kviteseid er til eldre og sjuke.



Glimt frå stevnedag i Kilen der mange frå Lunde kom, som før i tida.



9.4. Kulturarrangement, spesielle messer og anna:

Gudstenester (spesielle)	
4. mars	Årsmøte, i Kviteseid kyrkje
7. mars	Taizégudsteneste med nattverd i Kviteseid kyrkje. Ikkje forordna.
8. april	Diakoniens dag i Vest-Telemark. Gudsteneste i Tokke, på Dalen
10. mai	Godhetsgudsteneste, felles for forsamlingane i Kviteseid. Kr. Himmelfartsdag
13. august	Felles gudsteneste i Kilen saman med Seljord og Lunde hadde 43 frammøtte. Juli Kveldsmesser i Kviteseid Gamle kyrkje kvar torsdag i juli. Kyrkjekaffi ved soknerådet Årsmelding 2017 for Kviteseid Sokneråd 9
9. september	Hausstakkefest vart halden i Kviteseid kyrkje (med utdeling av 4-års bok)
Fellesmøter (Kyrkja, Betel, Fredheim og Misjonshuset)	
21. januar	Familiemøte på Misjonshuset
9.-11. mars	Møtehelg i Kviteseid. På Fredheim. Taler Geir Johansen (henta av Betel)
24. september	Songkonsert i Kviteseid kyrkje med Hilde Sveta og Fredheimkoret
Konsertar	
1. juli	Konsert ved Operagutta i Kviteseid kyrkje
23. september	Konsert ved Seljord songlag og Olav Mosdøl
2. november	Allehelgenskonsert i Kviteseid kyrkje ved Jan Haugen med fleire
6. desember	Adventskonsert i Vrådal kyrkje.
8. desember	Konsert i Kviteseid kyrkje ved Emil Solli-Tangen
16. desember	Adventskonsert i Kviteseid kyrkje
Anna	
20. mars	Fasteaksjonen gjennomført med innsamling til Kirkens Nødhjelp ved hjelp av konfirmandane og andre frivillige.
Juli	4 kveldsandaktar i Kviteseid gamle kyrkje
7.-8. november	Heile staben var med på Stiftsdagane i Kristiansand
1. desember	Kyrkjelydens basar på Misjonshuset ved soknerådet og mange frivillige. Totalt kom det inn kr 51.811 (2017: kr 47.749,- 2016: kr 55.622,-). Av dette vart kr 15.000 sendt til misjonsprosjektet, mens resten gjekk til soknerådsarbeidet og dekking av utgifter. Vipps-bruken vart nær dobla til kr 4415,-

Melding frå organisten v/ Dagfinn Køhn:

Etter ein overgangsperiode på over eitt år med fast vikar vart 2018 det første heile kalenderåret sidan 1983 med berre *ein* tilsett prest i Kviteseid. Som organist har det vore både spesielt og vemodig å måtte leve med og tilpasse seg denne utviklinga, men når situasjonen er som han er, har det vore oppmuntrande og godt å sjå den fine inngangen Møyfrid Lunde har hatt som sokne-prest i Kviteseid. Det er ei dagleg glede å møte fram ved kontor og kyrkjer og samarbeide både med henne, med kyrkjeverje Kristen Salmelid og med dei praktiske medarbeidarane Jan Haugen og Håkon Heggtveit. I tillegg til å sjå eigen arbeidsplass som del av kyrkja og Guds rike, har eit fellesskap prega av oppmuntring og samkjensle gjennom alle år gitt ein uvurderleg dimensjon til ei meningsfull teneste. Også året 2018 var i så måte både gjenkjenneleg og gjevande: guds-tenester og andre samkomer i dei fine kyrkjene; øving, framføring og formidling gjennom dei tre kora; møtepunkt og samlingar ulike stader elles, som t.d. formiddagstreff på Misjonshuset, andakt på KOS og songstunder på Midtsundtoppen - og under det heile eit fundament av samkjensle og fellesskap med kyrkjelyd og frivillige på ulike nivå.

Dei to barnekora, UNGE RØYSTER og KVITSEID BARNEGOSPEL, har gjennom alle år vore ein del av organiststillinga i Kviteseid; ei ordning som i alle fall for organisten har vore positiv og gjevande på fleire måtar. Med Elise Foldøy og Åsbjørg Hægeland som leiarar for kvart sitt kor har samarbeid og tankar om verksemda vore oppmuntrande og godt. Kora utgjør eit positivt og byggjande tilbod for born i kommunen. Med synging på to gudstenester kvar i semesteret representerer dei

samstundes ein verdfull kontakt mellom kyrkje og barnefamiliar, og ikkje minst gjev dei eit signal om at borna er sentrale og verdfulle medlemmer i fellesskapet. Medlemstalet i barnegospel låg på 10-15 ungar året gjennom. I Unge Røyster sank det frå seks til fire frå vår til haust, men stemninga blant desse fire trufaste har vore imponerende positiv. Det er å håpe at rekruttering til desse kora framleis vil halde fram, og at dei også i framtida vil ha ein sterk og sjølvstekt plass i kyrkjelyden.



KYRKJEKORET har framleis nekta å leggje inn årene. Vi har fungert som eit liturgisk kor sjølv om medlemstalet i røynda har vore under 10 gjennom det meste av året. Ved enkelte høve har vi i tillegg fått hjelp og støtte frå eit par ekstra. Det har i alle år vore viktig å delta ved gudstenester i alle dei tre største kyrkjene kvart semester, og gjerne litt oftare i Kviteseid, ein praksis vi vil halde fram med til det siste.

I seinare tid har det vore oppmuntrande ikkje sjeldan å kunne sjå delar av kyrkjelyden frå orgel-krakken; ei utvikling som det stadig er grunn til å applaudere. Derifrå skal det likevel framleis lyde ei kraftig oppmuntring til å halde fram denne forsiktige utviklinga, slik at kyrkjelyden også i tida framover kan ta plass nærare altaret, presten og kvarandre.



Kviteseid i mars 2019,




Dagfinn Køhn
organist

Kyrkjebladet:

Kyrkjebladet kom i 2018 ut med fire nummer. Redaksjonen bestod av Olav Mosdøl, Øyvind Jørgensen og sokneprest Møyfrid Lunde (redaktør). Niklas Karlsen er fortsatt ekstern hjelp med oppsett av bladet for trykking. 146 gjevarar totalt, fekk skrifteleg takk seint på året. Inntektene frå giro i bladet:

5722	9522	1150	7700	6450	1400	7800	3022	1750	0	6700	3150	5700	450
Des.17	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov	Des.	Jan.-19
#4/17: jul kr. 15.244			#1: påske			#2: sommar			#3: haust			#4/18: jul kr. 6.150	

Jule-nummeret forkludra posten utleveringa og utelat over 500 postkassar. Det vistes truleg igjen på innbetalingane. Vi er likevel takksame for alle gode gåver!



Kyrkjelydsutval:

Kyrkjelydsutvala gjer eit godt arbeid med å oppretthalde god kontakt mellom grendene og dei lokale kyrkjene etter at dei tidlegare sokneråda vart lagt ned. Utvala syter for kyrkjekaffi, blommar til messene og ulike praktiske oppgåver ved andre tilstellingar.

I 2018 har desse delteke i dei ulike utvala:

Brunkeberg: Reidun Øvrebø Fisketjønn, Inger Lise Berge, Eli Nilsen Rognsvåg, Reidun Torsdalen og Anne Dorthea Heggveit Henriksen.

Fjågesund: Aud Turid Fjågesund, Monica Haugstøl og Anette Rønningen.

I Kilen laga Svein Asle Holberg i stand eit fint alternativt julebord etter gudstenesta 23. desember.

Kviteseid: Åse Nordskog og Kirsti Breidalen Skjæveland

Vrådal: Hanne Julie Roholdt, Marit Sørby, Jan Gunnar Breivik og Astrid Breivik.

Astrid Breivik fungerer også som fast, frivillig klokkar i Vrådal.

Andre komitear, utval og representasjonar:

- I komité for Godhetsveka 2018 møtte Magne Skjæveland og Møyfrid Lunde
- I komité for Fellesmøtene 2018 møtte Håkon Birkeland og Møyfrid Lunde.
- Hans Kristian Aabø organisera fasteaksjonen saman med soknepresten (informasjon til konfirmantane) og soknerådsmedlemmer i Brunkeberg, Vrådal og Fjågesund.
- Marit Gotuholt er soknerådet sin kontakt mot Kirkens SOS i Telemark.
- Marit Sørby var soknerådet sin utsending til årsmøte for Diakonatotet i Vest-Telemark.
- Konsertansvarlege er Marit Gotuholt og Inger Lise Berge.
- Vidar Syrtveit Mikalsen leiar trusopplæringsutvalet.

Godkjenning:

Årsmeldinga vart handsama og godkjend av soknerådet under Sak 15/19, 27. februar 2019.

Meldinga leggjast fram for kyrkjelydsmøte 3. mars 2019 som ei orienteringssak

Kviteseid, 27. februar 2019

Håkon Birkeland

Møyfrid Lunde

Kristen Salmelid

Leiar Kviteseid

Sokneprest

Kyrkjeverje